

## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 25.01.2017

**Sak nr.:** 16/9434-3

**Internt l.nr.** 3658/17

**Sak:** 2/17

**Tittel:** **Høring - forslag til endringer i vannressursloven og jordlova**

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudtrekk departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og jordlova slik det går fram av høyringsbrev av 02.12.16 frå Olje- og energidepartementet m/vedlegg.
2. Det vert likevel rådd frå å overføre vedtaksmynde og sakshandsaminga for mindre vasskraftsaker til kommunane, slik som det er føreslått høyringsbrevet. Overføring av vedtaksmynde i slike saker til kommunane vil vere ei bagatellmessig overføring av makt til lokalt nivå, samstundes som Norges vassdrags- og energidirektorat har gode faglege innvendingar.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet** sette fram slike framlegg:

Endra punkt 2:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at kommunane får avgjerdsmynde og sakshandsaminga i mindre vasskraftsaker inntil 1MW.

Nytt punkt:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner og at større vasskraftsaker bør avgjerast på regionalt nivå, og ber departementet koma attende til det.

**Avrøysting:**

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vart samrøystes vedteken.

Åshild Kjelsnes, Helen Hjertaas og Jakob André Sandal røysta for fylkesrådmannen sitt framlegg til pkt. 2, medan Jenny Følling, Aleksander Øren Heen, Karen Marie Hjelmeseter, Gunhild Berge Stang, Marita Aarvik og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Senterpartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Framstegspartiet.

Framlegget om nytt pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar i hovudtrekk departementet sitt arbeid med forbetringar og effektivisering av lovverket på ulike tema innan vassressurslova og

jordlova, slik det går fram av høringsbrev av 02.12.16 frå Olje- og energidepartementet m/vedlegg.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at kommunane får avgjerdsmynde og sakshandsaminga i mindre vasskraftsaker inntil 1MW.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner og at større vasskraftsaker bør avgjerast på regionalt nivå, og ber departementet koma attende til det.